

Informasjon

Kyrkjelydsblad for Hå

Nr. 2-2024 27/5 2024 - 16/8 2024

Årgang 56

www.hakyrkja.no



ANDAKT

Tekst: Per Sigve Særheim
Foto: Bo Mathisen



Utan tru er det umogleg å vere til glede for Gud. Trua er som synet. Når vi ser på sola får vi ikkje berre informasjon om ho, vi blir ramma av ho. Solstrålane badar på ansiktet og lyset stikk i auga. Å tru med hjartet er som å sjå med auga, berre djupare, viktigare. Det er ein måte å sjå på.

Israelittane heldt på å døy i ørkenen, då bad Moses dei sjå opp på ein slange på ein pinne. Når dei såg han, vart dei friske. Når dei såg opp på slangen fekk dei liv. Det er å tru: å sjå. Vi skal ikkje sjå på ein slange på ein pinne, men på ein mann på eit kors. Vil du ha evig liv? Sjå på Jesus på korset. Tru på han.

På tempelplassen stod det to menn og bad. Den eine såg ned på andre, den andre såg opp på Gud. Berre ein av dei mennene gjekk heim rettferdig. Du må også sjå opp på Gud! Ikkje sjå på deg sjølv, ikkje sjå på andre. Sjå på Jesus.

INNHALD



2
ANDAKT



4
FRA KIRKEVERGENS SKRIVEBORD



6 - 7
PER KJARTAN VEGGELAND



10 - 11
KNIV & GAFFEL



10 - 13
SALMEBOKA



14 - 15
DEN FANTASTISKE GUDSTENESTA



16 - 17
KYRKJEDISCO



18
VÅRE FORFULGTE SØSKEN



20 - 21
KONFIRMASJONSBILDER



22 - 25
TRUSOPPLÆRING



26 - 27
DØYPTE, DØDE, VIGSEL, MØTER



32
GUDSTENERER

Foto framsida: Kell Jacobsen



DEN NORSKE KYRKJA
Hå kyrkjelege fellesråd

LEIAR

Så vart det vår i år og. «Ustadig som vårdagen», sa mor. Ja, nokre av oss kjenner det på gikta med verk som ikkje roar seg før kampen mellom årstidene har gitt seg.

«Vår med ljose dagar, med lengting, liv og song», som Elias Blix har sag det i «No livnar det i lundar», som vel må seiast å vera Noreg sin vår-hymne.

Og med dagar som 1. mai, 17. mai, Kr. Himmelfartsdag og pinse er det mykje både liv og song med mange songarstemne. For mange kjennest lengtinga og ekstra sterkt på denne tida.

Så får me gle oss over alt som det er råd å oppleva av leirar, stemne og andre arrangement som me kan få vera med på i sommar når mykje av det vanlege arbeidet i kyrkja og bedehus ikkje går for fullt.

For: Jesus Kristus er i går og i dag den same, ja, til evig tid. Hebr. 13, 8.

Harald Vikse

Har du idear eller ynskje til innhald i kyrkjelydsbladet?

Send ein e-post til: post@hakyrkja.no

KYRKJELYDSBLADET FOR HÅ

Utgjevar: Sokneråda i Nærbø, Varhaug og Ognå

Adresse: Kyrkjelydsblad for Hå, Ånestadsvegen 12, 4360 Varhaug

Redaktør: Kyrkjevevja i Hå (redaktør) tlf.: 51 43 62 10

Mottak av stoff: e-post: post@hakyrkja.no

Layout/trykk: Jærprint

Bladet vert sendt fritt til alle husstandane i Hå kommune.
Gåver kan betalast til konto: 3335.05.21483

FRA KIRKEVERGENS SKRIVEBORD

Tekst: Svein Olav Nesse

TAKK TIL PER SIGVE SÆRHEIM

Per Sigve slutter som ungdomsprest i Nærbø fra sommeren 2024. Det gledelige er at han har funnet kjærligheten og skal gifte seg, det som ikke var så gledelig er at de skal bosette seg på Nordmøre.

Vi takker deg Per Sigve, for det du har gjort og betydd for mange ungdommer på Nærbø dette året. Vi takker for ditt engasjement innsatsen du har lagt ned på Nærbø.

Vi ønsker deg Guds signing både over ekteskap og tjeneste, som ligger foran.

NY UNGDOMSPREST

Vi har den glede å ønske velkommen til Helge Bjørngaas Helle som er tilsatt som ny ungdomsprest i Nærbø. Helge er for tiden prest i forsvaret, på Haakonvern og Madlaleiren.

Han er gift og bosatt i Stavanger. Helge starter opp i Nærbø den 20. august. Vi kommer tilbake med mer presentasjon senere.

Ta godt imot ham, og omslutt han og familien i forbønn.



TAKK TIL GUNNAR ÅRESKJOLD

Gunnar har sagt opp sin stilling som daglig leder i Nærbø menighet. Han har lagt ned mye av sin innsats i staben. Gunnar har fått nytt arbeid i Frelsesarmeen, der han har vært tidligere.

Vi takker for din innsats og ditt engasjement og ønsker Guds signing over liv og tjeneste.



«STEINPYNT» RUNDT GRAVER

Vi har noen utfordringer med at noen «pynter» gravene med småsteiner rundt gravsteinene og platene. Dette er ikke tillatt, vi ber om at dere som har slike steiner rundt gravene, fjerner dem. Disse steinene er en fare for de som slår gravplassene, steinene kan sprette avgårde og ødelegge andre gravsteiner, utstyr og mennesker.

Vær grei og hjelp oss og fjern dem fra ditt gravsted, før det oppstår skader. Vi minner om erstatningsansvaret som blir lagt på fester av slike gravsteder om steinene volder skade på utstyr, personell eller andre gravsteiner.

Vegen tilbake til Gud

«For så elska Gud verda at han gav Sonen sin, den einborne, så kvar den som trur på han, ikkje skal gå fortapt, men ha evig liv!» (Joh. 3,16)

Bøn:

Jesus, du veit om mine feil og nederlag. Eg trur at du er Guds son som døydde på krossen. Kom inn i livet mitt og gjer meg til eit Guds barn. Eg tek imot deg akkurat nå som min Herre og Frelsar. Eg tek imot di tilgjeving for syndene mine.

I Jesu namn - Amen

BØNNEGRUPPE PÅ VIGRESTAD MISJONSHUS

Det er starta opp ei bønnegruppe på Vigrestad Misjonshus. Hver onsdag formiddag fra kl. 10:30 til 11:30 på Ole Brumm rommet. Du er velkommen til å være med!

Arr: Vigrestad misjonshus

PILEGRIMSVANDRINGAR PÅ JÆREN

Jonsok 23. juni 2024

Vandring frå Refsnes-stranda til Orre gamle kyrkje der me blir med på Gudsteneste kl 19:00

Etter gudstenesta vandrar me til Orre friluftshus der det blir grilling

Ta med grillmat

Oppmøte Refsnes-stranda kl 16:00

Olsok 29. juli 2024

Vandring frå Obrestad hamn, 1000-års plassen til Varhaug gamle kyrkjegard der me er med på friluftsgudstenesta kl. 19:00

Ta med mat og drikke

Oppmøte: Obrestad hamn kl 16:00

GULLKONFIRMASJON

I Hå har det lenge vore tradisjon for å markere gullkonfirmantane, altså dei som vart konfirmerte for 50 år sidan.

Kyrkjene i Hå bidrar til å markere gullkonfirmantane med deltaking i ei gudsteneste. (dato blir bestemt av soknerådet i samband med gudstenestelista). Eventuelt program og vidare feiring må 50 års konfirmantane sjølve danne ein komite for og arrangere sjølve.

Komiteen må planlegge dagen (utanom gudstenesta), utarbeide invitasjon, og finne adresser til gullkonfirmantane. Dei må og booke lokale, setje program, kontakte eventuell fotograf og anna som vert naturleg i samband med feiringa av gullkonfirmasjon. Kyrkjekontoret er hjelpsame med liste over namn på dei som vart konfirmerte for 50 år sidan.

Vart du konfirmert 1975 og er gullkonfirmant i ei av kyrkjene i Hå i 2025?

Ynskjer du at dagen skal feirast ut over den enkle markeringa i gudstenesta og kan tenke deg å bidra til dette?

Ta kontakt med kyrkjekontoret, eller 51 43 62 10.

TRENG DU NOKON Å SNAKKE MED?

Nokre som ringer tenkjer på å ta sitt eige liv, andre er usikre, einsame eller redde.

Nokre treng berre å slå av ein prat.

Ring eller skriv: Vi er her. Alltid. kirkens-sos.no

SOS
22 40 00 40

SOS
MELDING

SOS
CHAT

 **KIRKENS
SOS**



PER KJARTAN VEGGELAND



Hvem er Per Kjartan Veggeland?

Jeg er en 42 år gammel mann fra Madla utenfor Stavanger. Jeg er nummer fire i en søskenflokk på 5. Jeg hadde en trygg og god oppvekst i et etablert boligstrøk, med lekekamerater i gatene. Etter videregående skole hadde jeg førstegangs-tjeneste i Oslo, hvor jeg fikk den pompøse tittelen VIP-sjåfør i Forsvarsdepartementet. Selv om det av og til ble transport av høytstående tjenestemenn i forsvaret, gikk det mye i kjøring av intern post, samt venting på diverse parkeringsplasser. Det kom godt med at jeg er ganske tålmodig av natur. Etter forsvaret gikk ferden til Bibelskolen i Grimstad, hvorpå jeg startet på teologi-studiet ved Menighetsfakultetet året etter. Jeg giftet meg med min ungdomskjæreste Marie i 2005, og vi bosatte oss først på Sagene, og siden på Frogner. Oppholdet i Oslo endte i 2016, da vi flyttet vestover med våre to første barn. I dag er vi en familie på seks som bor i det gamle «Olahuset» i Smedabråtet 1 på Vigrestad.

Hvorfor valgte du å utdanne deg som prest?

Dette spørsmålet har jeg fått ved noen anledninger, og det kjedelige svaret er at jeg ikke klarer å si et tydelig «hvorfor». Når jeg ser livet i bakspeilet, opplever jeg at veien har nok blitt til underveis. Jeg vokste opp med min farfar som nærmeste nabo, og han hadde et langt liv som emissær bak seg. Jeg vil tro det ble sådd noen frø de gangene jeg besøkte ham. Han lot oss alltid trekke et «mannakorn» (bibelvers) fra en liten krukke, og så leste han fra en stor bibel som alltid lå fremme. Den

gangen var jeg nok mest opptatt av at det vanket noe godt fra godteskåla etter at bibelordet var lest, men i dag tenker jeg nok at den virkelige belønningen var små drypp som til sammen kanskje førte til det jeg driver med i dag. Det var nok også avgjørende at veldig mange av medstudentene på bibelskolen ville til Oslo og menighetsfakultetet. Da var det et godt utgangspunkt for å starte på student-tilværelsen i storbyen.

Du/dere har drevet blomsterbutikk i Oslo i noen år?

Hva var det som gjorde at du ble blomsterhandler i stedet for prest?

Jeg skal gjøre en lang historie noenlunde kort. Min kone er noen solide hakk mer kreativ enn meg, og hun har stor sans for estetikk og vakre ting. Hun hadde et ønske om å jobbe med blomster, og søkte jobb i en blomsterbutikk midt i Oslo. Etter noen måneder fikk hun anledning til å kjøpe butikken, noe vi da gjorde. På dette tidspunktet jobbet jeg som vikarprest i Bærum prosti, så det ble noen tidlige morgener med henting av blomster hos grossist, og lange kvelder med stenging av butikk. Dette var jo før vi fikk barn, så logistikken var litt enklere. Det ene førte til det andre, og vi fikk anledning til å kjøpe oss inn i ytterligere to butikker, så da satt vi plutselig som eiere og medeiere i tre blomsterbutikker. På dette tidspunktet skjønte jeg at jeg ikke hadde tid til å jobbe som prest, siden all mulig fritid gikk med til butikkdrift. Jeg ble derfor med på fulltid i butikkene, da med ansvar for administrasjon, personal og som altnulig-mann. Det ble 3-4 år med mange interessante opplevelser.



Det var for eksempel ganske artig å dra til Carrara i Italia for å inspisere marmorbruddene hvor vi importerte marmorvaser og andre ting fra. Likevel, alt har sin tid, og da barn nummer to var ett år gammel, tok vi valget om å avslutte Oslo-kapittelet og flytte vestover.

Det å drive blomsterbutikk, har det gitt noen erfaringer som kommer til nytte nå, du er sokneprest i Varhaug?

Jeg håper det aldri vil oppleves som det samme, det å drive butikk og menighet. Likevel tror jeg det å drive butikk og det å jobbe i kirken faktisk har et par fellestrekk, samtidig som det er ganske så forskjellige ting. Man jobber i hovedsak med mennesker i kirken, men det er også tilfellet i butikkdrift. Kundene har ulike behov, og man må forsøke å forstå dette behovet. Lønnsomhet, progresjon, tilpasningsdyktighet og leveringsevne er helt avgjørende for å overleve i varehandelen. Heldigvis er det ikke profitt eller fortjeneste som er hovedfokus i kirken, selv om kirkens administrative ledere må forholde seg til økonomiske realiteter.

I kirken liker vi å snakke om at vi skal være relevante, og at vi må tilpasse oss dagens mennesker. Jeg tenker det er riktig, samtidig som jeg tenker at evangeliet om Jesus står urokkelig. Det er det samme, uavhengig av tidsånd og trender.

Dere kjøpte et gammelt hus, klin inntil jernbanen på Vigrestad, tilbake i 2016. Hvorfor på Vigrestad? Hva er drømmen, visjonen, tanken med det huset?

Her skulle nok min kone få lov å svare, da det var hun som fant huset på Finn i sin tid. Faktum er at da vi flyttet fra Oslo, tok vi først ut på en 3 måneder lang reise til California. På denne turen måtte vi finne ut hva som skulle bli veien videre, både når det gjaldt bosted og arbeidsted. Vi hadde ingen tilknytning til Vigrestad og Jæren, men huset virket sjarmerende. Vi sendte min far på visning for å sjekke huset. Han sa det var beboelig, men det var litt av hvert å ta tak i, siden huset er fra 1896. Vi tok sjansen, og ca klokken 03 på natten på et hotell i San Francisco fikk vi melding om at huset var vårt. Det var merkelig å kjøre inn på tunet for første gang noen uker senere, for å se hva vi hadde kjøpt. Jeg er mer praktisk enn drømmende, så jeg ser først og fremst ting og tang som må fikses. Kona har en mer visjonær tilnærming til huset, og hun liker det sanselige, historien, og at vi kan være med på å ta vare på noe som har hatt en lang historie.

Etter kort tid i huset i Vigrestad flyttet dere til Miami, Florida, USA, der dere jobbet i Sjømannskirken i 5 år. Hva gjorde at dere tok det valget?

Bare et par måneder etter at vi hadde kommet oss i hus, fikk vi muligheten til å flytte til Florida for å jobbe i Sjømannskirken. Det var en mulighet vi ikke kunne si nei til. Vi bodde et år i USA tilbake i studietiden, og hadde siden den gang en drøm om å



dra tilbake som familie for å oppleve mer av det merkelige landet. Det ble fem gode år for oss, selv om det også finnes flest hverdager også når man bor i utlandet. Vi dro ut som en familie på fire, og kom hjem som en familie på seks. Pandemien kom mens vi bodde der, og selv om det hadde sine utfordringer tror vi at vi var heldige tross alt. Å være isolert med små barn var litt enklere i et varmt og godt klima, med stor hage og svømmebasseng i hagen.

Er det erfaringer fra USA oppholdet som du kan tenke deg kan brukes her i Varhaug?

Jeg tror ikke jeg får bruk for mine kunnskaper om beskæring av palmeblader og høsting av kokosnøtter. Hvordan man skal unngå vaskebjørn eller slanger i hagen trenger jeg heller ikke å tenke på her på Jæren. Det kan blåse friskt på Jæren, men jeg tror til og med at orkan-forberedelser ikke blir aktuelt på Varhaug, slik det er om sommeren i Florida. I Sjømannskirken snakker man om å være kirke i verdens hverdag. Det er jo flest hverdager, og i Sjømannskirkene rundt forbi er man gode på å være tilgjengelige også utenom søndag klokken 11. Det trenger ikke være så voldsomt, en kaffe og en vaffel er alt som skal til for å skape en møteplass. Vi er gode på å ha mange forskjellige tilbud i Den norske kirke, men kanskje har vi litt å gå på når det gjelder å bare møtes, uten at det trenger å kreve så mye organisering. Nå er jeg fortsatt ganske fersk i denne stillingen, men jeg håper jeg kan være med å tenke kreativt rundt hvordan vi som kirke kan være mer «hverdagskirke».

Etter oppholdet i USA har du jobbet som vikarprest i Bjerkreim og Gand. Kva er bakgrunnen for at du nå har valgt å bli sokneprest i Varhaug sokn?

Det var naturlig å søke stillingen da den ble ledig. Vi har bosatt oss her, og jeg tenker det er mye fint med å være prest der vi bor. Vi er fortsatt innflyttere på Vigrestad, så det oppleves likevel ikke som å være profet i egen by, for å bruke det uttrykket. Det er godt å lande litt, etter en periode med vikar-tjeneste. Det er litt koselig å kjøre forbi kirken på Odland, og høre 3-åringen si: «Der er kirken til pappa!» Nå vet jeg riktig godt at det ikke er «min» kirke, men samtidig er den det. Jeg og familien min er en del av den, noe vi er takknemlige for.

Kva brenner du mest for i prestatjenesten?

Jeg trives godt med enkeltmøtene jeg får gjennom kirkelige handlinger, som gravferd, dåp og vigsel. Det er spennende og givende å få møte mennesker i mange forskjellige livssituasjoner. Så brenner jeg for at kirken skal være et sted hvor alle opplever at de har et hjem. Ensomhet er noe mange kjenner på, og jeg tenker at menigheter skal være steder hvor man skal kunne finne fellesskap. Det er et faktum at mange menigheter er ganske homogene, og det gjelder nok også vår egen. Jeg vet ikke om jeg har løsningen på hvordan vi kan bli mer mangfoldig, men jeg har en drøm om at vi skal kunne være aktuelle for både unge og gamle, og på kryss av geografisk bakgrunn.



KNIV & GAFFEL



Foto: Turid Boganes og Kathrine Håland Varhaug
Tekst: Turid Boganes

Ja, det høyses nesten ut som den flotte resturanten i Stavangar Gaffel & Karaffel. Kniv&Gaffel er ingen resturant, men det vert servert mat. Nivået på maten er ikkje like høgt som på resturanten i Stavanger, men stemninga og fellesskapet - det kan me skryta av.

Kniv&Gaffel er eit tilbod for alle ein fredags ettermiddag i månaden i kjelleran på Vigrestad misjonshus. Samlingane startar med ein andakt før ein får servert taco. Etter måltidet er det formingsaktivitetar for barna, det er sett fram spel, og dei som vil kan få seg ein kopp kaffi eller te.

Sidan oppstarten 2023 har det blitt fleire og fleire som kjem, noko som er utruleg kjekt. Her kjem besteforeldre med barnebarn, familiar med heilt små barn, familiar med tweens og familiar med tenåringer. Nokon sit lenge, andre går litt tidlegare heim. Men felles for alle er at ein har delt måltid og fellesskap saman.

I vår har ein hatt 5 samlingar med veldig godt oppmøte. Siste gong for i vår var 24. mai, og no gler me oss veldig til hausten.



Datoar for hausten:

30. august
27. september
25. oktober
22. november

Påmelding på www.varhaugkyrkje.no innan onsdag same veka, dette for å kunne berekna nok mat og formingsmateriell. Det koster 75 kr per vaksen og 25 kr per barn å delta per gong. Betaling skjer på vipps på samlingane.

Kniv&Gaffel er eit lokallag i NMSU, og me vil oppfordra til å betale medlemskontingent på 50 kr per person per kalenderår. Ved å betala medlemskontigent får me støtte til å kjøpa inn formingsmateriell, mat og anna forbruksmateriell - og på den måten kan me halda prisen på samlingane nede. Ein kan betala medlemskontigenten ved å bruka VIPPS #116363 og kategorien Medlemskontigent Kniv&Gaffel - merk innbetaling med namn og fødselsår på dei du betaler for.

Kniv&Gaffel er eit samarbeidsprosjekt mellom Varhaug kyrkje, NMS Varhaug, NMS Vigrestad og Stokkalandsmarka menighet.



6. O Herre Jesus, la din
Ånd Mig kraftig over-
skygge Og dann mitt
hjerter ved din hånd At
du deri kan bygge, Så
liv fra dig jeg også må
I ånden få Og aldri fra
dig rygge!

7. Da skal din himmel
i mig her Ved Åndens
kraft begynne, Mitt hjer-
te, sjel og alt begjær Sig
op til himlen skynde, Inn-
til jeg bliver engler lik
I himmerik Og aldri mer
skal synde.

Kingo (10). L. H. B. N.

280 FOLKEFREL- SAR, til oss kom,

Fødd av møy i armods-
dom! Heile verdi undrast
på Kvi du soleis koma må.

2. Herrens under her me
ser, Ved Guds Ande dette
skjer. Livsens ord frå
himmerik Vert i kjøt og
blod oss lik.

3. Utan synd han boren
er Som all synd for verdi
ber. Han er både Gud og
mann, Alle folk han frelsa
kann.

20/3-45. Kraftig angrep. Sangen i
1. vers, flere verser v. fukt 2. vers
Brev hjem fra.

4. Frå Gud Fader kom
han her, Heim til Gud
hans vegar ber, Ned han
for til helheims land, Upp
for til Guds høgre hånd.
5. Du som er Gud Fader
lik, Ver i vanmakt sig-
rik! Med din guddom-
velde kom, Styrk oss i
armodsdom!

6. Klårt di krubba skin-
kann, Ljoset nytt i na-
rann, Naud og natt
ende er, Trui alltid
set ser.

7. Lov og takk, du Herre
kjær, Som til verdi kome
er! Fader god og Ande bli-
Lov og takk til evig tid

Ambrosius,

latinsk biskop, kyrkjefader
salmesdiktar, d. 397. Luther (42)

Landstad (16). Støylen (86)

L. H. N.

Tone: Et trofast hjerte,
Herre min.

281 I Jesus søk

jeg min fred, Al-
verden har kun smerte
Hans kors det er min
blivestad, Der hviler
mitt hjerte; Der kan jeg
bo I stille ro, Der finner

SALMEBOKA

Tekst og foto: Thomas Peter Randulff

Det skulle handle om ein salme. Men eg tøyser strikken og tek med heile salmeboka.

Ikkje den raude du finn i hylla innanfor kyrkjedøra. Den frå 2013 som NRK sende salme for salme i ei 60 timers sending i 2014. Og som endar med den mektige nyskapinga nr. 899 «Jeg tror på jordens forvandling».

Heller ikkje den som kom i 1984 og hadde 936 nummer.

Men om den førre, godkjend av regjeringa i 1920 til bruk i gudstenesta «i dei sokner der soknemøte gjer vedtak um det». Frå den tida då lokaldemokratiet fungerte i saker om liturgiar og andre kyrkjelege bøker.

Den salmeboka var haldbar. Heile 60 år og vel så det.

Men så var den òg ei folkebok.

Mi første salmebok fekk eg som dåpsgåve. I svart blankt og skinande skinn, med namnet i gullskrift på forsida og dåpsdato på baksida. Ein viktig dato å huske på!

Eg fekk òg salmebok til konfirmasjonen. Begge var i «lommefor-mat», 10x7 cm.

Sist fekk eg ennå ei utgåve av den same. Den fekk eg etter eit skifte etter ein fjern slektning.

Den hadde ei historie utanom det vanlege.

«Gave fra Sjømannspresten i Hamburg 17/6 1943», står det på første side.

Finn, som eigaren heitte, var då 29 år og sat som fange i tysk fengsel. Domen var på 1500 dagar. Og salmeboka bruka han som dagbok.

Ettersom salmane var ordna etter kyrkjeåret, med utvalde salmar for kva sundag, både for høgtidene og dei vanlege søndagane, og tilsvarende var det med dei tekstane som høyrde til kvar sundag, så noterte Finn dato for helgedagen både i salmedelen og tekstdelen til han vart sett fri. Og skreiv med tynn blyantskrift og ørsmå bokstavar ting som hende.

Det kunne vere «Salen pyntet. Gudstjeneste». Julaften 1944.

29/7-44 «I natt kraftig angrep. Nesten alle vinduer knust hos oss. En fæl natt. Nå er jeg uhyggelig redd». Over er salme nr.518 «Min hyrde, det er Herren, god».

«I dag fikk vi utdelt «dødsmerker». Mitt nummer er 508».

«500 dager igjen». 2. påskedag 13. april 1944.


«Fikk tran». Midfastesøndag. 17. mars 1945.

»Brev hjemmefra. Alt vel»

«Vær sikker du skal få kjenne at intet ondt varer ved. Slinger og skybrudd får ende, sorger og lidelser med!»

Og så: «Ble transportert fra Hamburg til Danmark». Tredje søndag etter påske 20/4-45. Under salmen «Min Jesus, du min sjeletrøst, Mitt liv, min sol, min glede.»

Salmer, tekster og levd liv. Ei salmebok med innhald til ettertanke.



DEN FANTASTISKE GUDSTENESTA I DEN NORSKE KYRKJA

Tekst: Tor Olav Varhaug, vikarierende sokneprest i Gjesdal Foto:

Som ung teologistudent i Oslo slutta eg å gå på ungdomsmøte på laurdagskvelden til fordel for gudsteneste i Den norske Kyrkja (DnK/kyrkja) på søndags føremiddag. Ikkje på grunn av at møta var dårlege, men på grunn av den vakre liturgien og ramen kyrkjeromet sette rundt gudstenesta. For min del vart studietida og ei tid kor gudstenesta i kyrkja opnast for meg.

Eg har no fleire år med presteteneste i DnK bak meg og har med åra blitt endå meir glad i gudstenesta. Ikkje fordi ho er spanande. Ikkje fordi ho alltid er engasjerande. Og stadig meir

digitale, kompliserande faktorar i gudstenestene rundt om i kyrkjene, har også auka antalet feil som er synlege for gudstenestegjengaren. Men det går greitt. For det er ikkje kjerna eller gudstenesta sitt vesen å vera spanande, eller morosam, eller feilfri. Gudstenesta kan vera alt dette (spanande, morosam og/eller engasjerande), men må ikkje. Og når ho vert målt etter desse kriteria, vil ho vanlegvis koma til kort. Lat meg visa kvifor eg er så glad i gudstenesta i DnK.

GUDSTENESTA ER BIBELSK!

Dette er nok for mange ein svært dryg påstand og eg håpar at du likevel fortset å lesa. 🙏 Påstanden om at gudstenesta i kyrkja ikkje er lik dei møta eller gudstenestene som dei første kyrkjelydane feira, er korrekt. Men for meg framstår gudstenesta som bibelsk på eit viktigare og djupare sett.

I Lukas 18:31-43 får me høyra om ein blind mann som, i det han får høyre at Jesus går forbi på vegen, set i å ropa på Jesus. Dei andre forsøker å stilna denne mannen sine «overdrivne» rop, dei skjemmest over kva som møter Jesus når han kjem til byen deira. Men Jesus stoppar opp og gjev seg til å tala med mannen. Og på mannen sitt rop svarar Jesus: «trua di har frelst deg». Det mannen ropa var «Jesus, du Davids son, miskunna deg over meg!» omtrent så her på gresk (mi omsetting og med latinske bokstavar): Jesu, hyie David, eleison me». I den påfølgjande samtalen mellom Jesus og den blinde blir Jesus tiltala med «Kyrie». Dersom du har delteke i gudstenester i kyrkja reknar eg med at du kjenner att orda. Slik som denne (og fleire med han) ropa sitt kyrie eleison og vart møtt av Jesus med lovnaden «trua di har frelst deg», slik vil og me ropa til han i det me samlar oss for hans åsyn. «Kyrie eleison, Gud Fader miskunne deg. Kriste eleison, Herre Krist ...»

Vidare vil mange vera kjente med juleevangeliet (Lukas 2). Der englane braut inn i den traurige kvardagen åt gjetarane med lovsong. Orda dei song, syng også me mest kvar søndag. Presten opnar med «Ære vere Gud i det høgste...» og kyrkjelyden fortsett med «...og fred på jorda blant menneske som Gud har glede i». Også me vil vera med i den himmelske lovsongen. I gudstenesta blir englesongen også vår song.

Opningsformularet, nådehelsinga er direkte sitat av korleis Paulus helsar kyrkjelydane i breva sine til dei. (1. Kor 1:3)

I innleiinga til nattverden syng presten at me, i lag med Guds kyrkje i himmelen og på jorda vil tilbedande syngja og så stemmer kyrkjelyden i med orda som kjerubane syng for Guds åsyn i Jesaja sitt syn (Jes 6:3) «Heilag, heilag, heilag er Herren Sebaot». Og det siste me gjer før me går fram til Jesu bord er synga vitnemålet åt døyparen Johannes: «Sjå der Guds lam som ber bort synda i verda». Me syng orda som ei bøn: «Du Guds lam som ber all verdas synder miskunna deg over oss.»

Her kunne eg lagt til korleis dåpsliturgien gjennomgåande reflektera misjonsbodet si todelte utdjupeing av oppdraget om å gjera læresveinar (døyp dei til... og lær dei å...). Og syndsvedkjeninga, takkofferet og forbøna. Tenkinga rundt alle desse ledda er henta frå Bibelen og ordlyden reflektera opphavet. Men eg trur poenget er tydeleggjort. Gudstenesta sitt innhald er henta frå Bibelen. Ofte direkte sitat.

INVOLVERANDE

No kan ein seia at å bruka orda, gjerne direkte sitat, ikkje gjer gudstenesta bibelsk i seg sjølv. Og det er heller ikkje mi meining. Eg meiner at det bibelske ved gudstenesta går mykje djupare enn som så. Når eg går til gudsteneste og syng Kyrie eller Gloria eller dei fleste andre ledda i gudstenesta, får eg gjera som dei bibelske aktørane gjorde. Kyrieropet blir i gudstenesta mitt rop, til han som svara alle med dette ropet «Trua di har frelst deg». I gudstenesta får eg lovsyngja Gud slik som englane gjorde det over Betlehemsmarkene. Døyparen Johannes sitt vitnemål vert mi bøn.

Dette gjeld også for tekstlesingane! Når dei bibelske tekstane blir lesne i gudstenesta blir me ein del av den store tilhøyrarskaren. Visst er orda gjengjevne. Anten det er apostelen Johannes eller ein av evangelistane eller den som måtte ha skrive ned orda av ein gamaltestamentleg profet. Men gjennom deira arbeid får me eit møte med Gud. Også me vert stilte på val. Vil me festa lit til Jesu lovnad om forlating for synd, liv og sæle? Vil me gå sturne bort som den rike unge mannen? Vil me innretta livet vårt etter hans vilje for sitt folk? Også tekstlesingane og preika er involverande på same måte som øvrige liturgiske ledd. Slik som dei, så og eg.

Eg hørde ei gong fortalt om ein gamal misjonær. Ho vart spurt om kvifor ho ikkje gjekk av med pensjon. Eg fekk ikkje inntrykk av at det var fordi dei ville verta av med henne, eg trur ho gjorde ein framifrå innsats. Men fordi den nemnte innsatsen med åra var krevjande for henne. Men det var ho viss på at ho ikkje ville gjera. Fordi «happiness is to be a part of the gang» svara ho. Eg vil vera del av den gjengen som lovsyng Gud. Den gjengen som ropar Kyrie! til Jesus. Den gjengen som saman med døyparen peikar på Guds lam. Som bed audmjukt om forlating. Som står blant tilskodarane og tek inn Jesu ord og gjerningar. Som blir velsigna med Guds eigne, skapande ord og så blir sendt ut til teneste for han i verda. Happiness is to be a part of that gang.

KONKLUSJON BIBELSK-INVOLVERANDE

Overskrifta for arbeidet med ny liturgi i gudstenestene i DnK i 2011 var «Saman for Guds åsyn». Når me går fram for Guds åsyn i lag, går me til Bibelen for å finna ord og handling. Det gjer gudstenesta etter mitt skjønn bibelsk på ein annan måte enn at ho har lik møteform som kyrkjelydane i Korint eller Aten eller Jerusalem på apostlane si tid. Ho er bibelsk-involverande fordi me gjer dei bibelske aktørane sine rop til våre. Møtet mellom den blinde tiggaren ved vegen og Jesus er eit fint bilete på kva gudstenesta er. Då var det han som ropa til Jesus. I dag er det me som ropar til Jesus. Måtte han svara oss slik som han svara tiggaren.

